



Byggmester Knut Henanger AS
Mjåtveitstø 33A
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1932 - 17/19172

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

02.10.2017

Godkjenning - GBNR 18/92, 79 - Løyve til oppføring av mur og planering av terreng - Øvre Sagstad

Administrativt vedtak. Saknr: 266/2017

Tiltakshavar:

BNK Eiendom AS

Ansvarleg søkjar:

Byggmester Knut Henanger AS

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av mur og planering av terrenget for bruk som parkeringsplass på gbnr. 18/92 og 79.

Muren er omsøkt plassert med ned til 2,5 meters avstand frå vegmidte langs fv. 244. Statens vegvesen har gitt dispensasjon til omsøkt plassering i vedtak datert 28.9.2017.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 11.8.2017, og dispensasjon frå Statens vegvesen, journalført 28.9.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, og det er ikkje kome merknadar til tiltaket. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg.

Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av konstruksjon i form av ein mur er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a). Det same gjeld for «vesentlig terrenginngrep» i form av planering av terrenget, jf. pbl § 20-1 bokstav k), og anlegging av parkeringsplass, jf. bokstav l).

Storleiken på tiltaka inneber at dei er søknadspliktige med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Dei omsøkte eigedomane er satt av til næringsbebyggelse, område N_5, i arealdelen til kommuneplanen (KPA). Dei omsøkte tiltaka er i samsvar med gjeldande arealformål.

Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd.

Ettersom Statens vegvesen har gitt dispensasjon til omsøkt plassering, finn administrasjonen at vi kan godkjenne omsøkt plassering i samsvar med pbl § 29-4 første ledd andre setning.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 11.8.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a) og k) løyve til oppføring av mur og planering av terreng for etablering av parkeringsplass som omsøkt på gbnr. 18/92 og 79. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og i samsvar med dispensasjon gitt av Statens vegvesen i vedtak datert 28.9.2017, og muren skal oppførast i samsvar med vedlagte teikningar, journalført motteke 11.8.2017.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaka vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaka skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart

Kopi til:

Bnk Eiendom AS

Øvre Sagstad 4

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Byggmester Knut Henanger AS

Mjåtveitstø 33A 5918

FREKHAUG